Frå 1970-åra til midt i 1980-åra varierte yrkesfrekvensen for unge i alderen 16-19 år stort sett mellom 40 og 45 prosent på landsbasis. I tidsrommet 1987-1993 gjekk denne frekvensen kraftig ned for heile ungdomsgruppa, før yrkesdeltakinga steig kraftig frå 1995 til 1997. Samstundes var det ein sterk vekst i sysselsetjinga generelt. Yrkesfrekvensen for 16-19-åringar var likevel 8 prosentpoeng lågare i 1997 enn under høgkonjunkturen i 1987 (AKU).

Fleire unge under utdanning enn i arbeidsstyrken

Tabell 3.1 syner at 16-19-åringane utgjorde 6,7 prosent av alle personar 16-74 år i landet i 1997. Som del av arbeidsstyrken utgjorde desse tenåringane nær 4 pro-

sent. Fleirtalet av dei sysselsette tenåringane har berre ein deltidsjobb ved sida av skolegangen (sjå òg tabell 3.2).

16-19-åringane utgjorde halvparten av dei som var under utdanning og samstundes utanfor arbeidsstyrken. 55 000 gutar og 57 000 jenter av i alt 222 000 var under utdanning på heiltid, utan arbeid ved sida av (årsgjennomsnitt 1997).

For 19-åringane syner tabellen at det var fleire sysselsette enn utan inntektsgivande arbeid. Av 31 000 sysselsette 19-åringar var 17 000 heiltidsarbeidande. 16- og 17-åringane var hovudsakleg under utdanning i vidaregåande skole.

3.1. Personar i alderen 16-74 år, etter alder, kjønn og arbeidsstyrkestatus. Sysselsette grupperte etter avtala/vanleg arbeidstid og personar utanfor arbeidsstyrken etter hovudsakleg verksemd. Årsgjennomsnitt 1997. 1 000



| Kjønn Alder | I arbeidsstyrken | | | | | Utanfor arbeidsstyrken | | | | |
|--------------------------|------------------|--------------|------------|------------|--------------|------------------------|-------------------|----------------------|--------------|-----------|
| | Personar i alt | Sysselsette | | | | Arbeids- lause | Under utdannig | Heime- arbeidande | Pensjonistar | Andre |
| | | I alt | Kort | Lang | Heiltid | | | | | |
| Alle aldere | 3 154 | 2 192 | 280 | 301 | 1 604 | 93 | 222 | 110 | 485 | 52 |
| Av dette | | | | | | | | | | |
| 16-19 år | 212 | 81 | 48 | 7 | 26 | 15 | 112 | 1 | 1 | 2 |
| 16 år | 53 | 12 | 10 | 1 | 1 | 4 | 37 | - | - | - |
| 17 år | 53 | 16 | 13 | 1 | 2 | 4 | 32 | - | - | 1 |
| 18 år | 54 | 23 | 14 | 2 | 6 | 4 | 26 | - | - | 1 |
| 19 år | 53 | 31 | 11 | 3 | 17 | 3 | 17 | - | - | 1 |
| Menn | 1 587 | 1 183 | 68 | 50 | 1 062 | 49 | 103 | 2 | 227 | 24 |
| Av dette | | | | | | | | | | |
| 16-19 år | 109 | 43 | 22 | 3 | 18 | 8 | 55 | - | 1 | 1 |
| Kvinner | 1 566 | 1 009 | 212 | 251 | 542 | 44 | 118 | 109 | 258 | 28 |
| Av dette | | | | | | | | | | |
| 16-19 år | 104 | 38 | 26 | 4 | 8 | 7 | 57 | 1 | - | 1 |

Kjelde: Grunntabellar. Arbeidskraftundersøkingane (AKU) 1997, SSB.

Personar 16-74 år med inntektsnivande arbeid og personar som er inne til førstegangs militær- eller sivilteneste, blir rekna som sysselsette, anten som lønstakarar, sjølvstendige næringsdrivande eller familiararbeidskraft. Personane må ha arbeidd minst ein time i undersøkingsveka eller vere midlertidig fråverande frå inntektsnivande arbeid på grunn av sjukdom, ferie, permisjon e.l.

Summen av sysselsette og arbeidslause blir kalla arbeidsstyrken eller dei yrkesaktive.

Deltidsjobb kombinert med utdanning

Landstala for 1996 og 1997 tyder på ein auke i talet på heiltidssysselsette for aldersgruppa 16-19 år (tabell 3.2). For 1996 var delen 9 prosent sysselsette på heiltid, i 1997 12 prosent. Av dei yrkesaktive 16-19-åringane var det dobbelt så mange gutar som jenter.

Dei fleste 16-19-åringar går på skole. 175 000 av 212 000 personar i denne aldersgruppa var under utdanning i 1997. I utdanningstida er det blitt nokså van-


3.2. Personar i alderen 16-74 år, etter kjønn, alder, hovudsakleg verksemd og deltidssysselsetjing. Årsgjennomsnitt. 1 000

| Alder Hovudsakleg verksemd | I alt | | Menn | | Kvinner | |
|-------------------------------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|
| | 1996 | 1997 | 1996 | 1997 | 1996 | 1997 |
| I alt 16-74 år | 3 146 | 3 154 | 1 583 | 1 587 | 1 563 | 1 566 |
| Yrkesaktive ¹ | 1 932 | 2 003 | 1 086 | 1 115 | 846 | 888 |
| Deltidssysselsette | 374 | 399 | 55 | 53 | 319 | 346 |
| Under utdanning .. | 361 | 347 | 168 | 158 | 193 | 189 |
| Deltidssysselsette | 101 | 105 | 42 | 44 | 59 | 60 |
| Heimearbeidande .. | 166 | 155 | 2 | 3 | 163 | 152 |
| Deltidssysselsette | 41 | 38 | - | 1 | 41 | 38 |
| Førtidspensjonistar/ uføre | 248 | 252 | 115 | 119 | 132 | 133 |
| Deltidssysselsette | 11 | 13 | 5 | 6 | 6 | 6 |
| Alderspensionistar | 265 | 257 | 124 | 122 | 141 | 135 |
| Deltidssysselsette | 8 | 8 | 6 | 5 | 2 | 3 |
| Anna/uoppgjeve ... | 174 | 140 | 87 | 71 | 87 | 69 |
| Deltidssysselsette | 26 | 18 | 9 | 8 | 17 | 11 |
| I alt 16-19 år | 212 | 212 | 109 | 109 | 103 | 104 |
| Yrkesaktive ¹ | 25 | 29 | 17 | 19 | 9 | 10 |
| Deltidssysselsette | 6 | 4 | 3 | 1 | 3 | 2 |
| Under utdanning .. | 178 | 175 | 88 | 85 | 90 | 90 |
| Deltidssysselsette | 46 | 50 | 21 | 23 | 26 | 27 |
| Anna/uoppgjeve ... | 9 | 9 | 4 | 5 | 5 | 4 |
| Deltidssysselsette | 1 | 1 | - | 1 | 1 | - |

¹Som yrkesaktive reknast her sysselsette på heiltid, samt deltidssysselsette som oppgjev yrkesaktivitet som si hovudsaklege verksemd.
Kjelde: NOS Arbeidsmarkedsstatistikk 1997, SSB.

Inndelinga i arbeidstid i AKU er basert på opplysningar om avtala/vanleg arbeidstid. Kort deltid = 1-19 timar pr. veke. Lang deltid = 20-36 timar pr. veke med unnatak av personar med arbeidstid 32-36 timar som oppgjev at dette utgjør heiltid. Heiltid = 37 timar og over, samt tilfella nemnt ovanfor.

Figur 3.1. Personar i alderen 16-19 år, etter kjønn og hovudsakleg verksemd. Årsgjennomsnitt 1997. Prosent



¹Som yrkesaktive reknast her sysselsette på heiltid, samt deltidssysselsette som oppgjev yrkesaktivitet som si hovudsaklege verksemd.

Kjelde: NOS Arbeidsmarkedsstatistikk 1997, SSB.

leg å ta deltidarbeid ved sida av skolen. I 1997 oppgav 83 prosent av 16-19-åringane utdanning som si hovudsaklege verksemd. Av desse hadde 29 prosent ein deltidjobb ved sida av skolegangen. Berre 12 prosent av ungdomane i denne aldersgruppa var i arbeid på heiltid.

Talet på unge arbeidstakarar opp med 220

Registertala i tabell 3.3 syner at det var om lag 50 000 arbeidstakarar 16-74 år i Nord-Trøndelag i 1997. Det har vore ein auke frå 1990 for gruppa sett under eitt. Den same utviklinga finn ein ikkje for aldersgruppa 16-19 år. I absolutte tal var flest 16-19-åringar registrerte som arbeidstakarar i 1990. Mellom 4. kvartal 1996 og 4. kvartal 1997 har det vore ein auke på 220 personar.

I prosent utgjorde 16-19-åringane 3,8 prosent av arbeidstakarane i Nord-Trøndelag i 1990, 2,4 i 1996 og 2,8 prosent i 1997. I same tidsrommet utgjorde aldersgruppa 9,6, 7,6 og 7,6 prosent av folkemengda 16-74 år i fylket.

Arbeidstakarar er lønstakarar i eit arbeidsforhold som er meldt til arbeidstakarregisteret. Arbeidsforhold skal bli melde inn til arbeidstakarregisteret når forholdet skal vare lenger enn seks dagar og inneber meir enn tre timars arbeid kvar veke i gjennomsnitt.

Arbeidstakarar omfattar ikkje vernepliktige, sjølvstendig næringsdrivande eller familiararbeidarar (personar som tek del i arbeidet i ei verksemd som eit familiemedlem eig og som ikkje har fast avtala løn).

3.3. Arbeidstakarar 16-74 år, etter alder og bustadkommune. 4. kvartal 1990, 1996 og 1997



| | Alder | | Alder | |
|-----------------------|----------|----------|----------|----------|
| | 16-74 år | 16-19 år | 16-74 år | 16-19 år |
| Nord-Trøndelag | | | | |
| 1990 | 46 017 | 1 734 | | |
| 1996 | 49 016 | 1 160 | | |
| 1997 | 49 851 | 1 382 | | |
| Steinkjer | | | | |
| 1990 | 7 985 | 308 | | |
| 1996 | 8 185 | 178 | | |
| 1997 | 8 103 | 194 | | |
| Namsos | | | | |
| 1990 | 4 919 | 208 | | |
| 1996 | 5 185 | 124 | | |
| 1997 | 5 256 | 140 | | |
| Meråker | | | | |
| 1990 | 714 | 16 | | |
| 1996 | 935 | 15 | | |
| 1997 | 991 | 23 | | |
| Stjørdal | | | | |
| 1990 | 7 034 | 283 | | |
| 1996 | 7 546 | 193 | | |
| 1997 | 7 889 | 237 | | |
| Frosta | | | | |
| 1990 | 713 | 41 | | |
| 1996 | 814 | 19 | | |
| 1997 | 815 | 31 | | |
| Leksvik | | | | |
| 1990 | 1 235 | 49 | | |
| 1996 | 1 417 | 33 | | |
| 1997 | 1 470 | 59 | | |
| Levanger | | | | |
| 1990 | 6 207 | 188 | | |
| 1996 | 6 755 | 139 | | |
| 1997 | 6 950 | 205 | | |
| Verdal | | | | |
| 1990 | 4 889 | 191 | | |
| 1996 | 5 129 | 107 | | |
| 1997 | 5 351 | 135 | | |
| Mosvik | | | | |
| 1990 | 281 | 13 | | |
| 1996 | 365 | 27 | | |
| 1997 | 348 | 16 | | |
| Verran | | | | |
| 1990 | 932 | 20 | | |
| 1996 | 907 | 22 | | |
| 1997 | 921 | 23 | | |
| Namdalseid | | | | |
| 1990 | 618 | 36 | | |
| 1996 | 595 | 18 | | |
| 1997 | 583 | 17 | | |
| Inderøy | | | | |
| 1990 | 1 971 | 58 | | |
| 1996 | 2 160 | 62 | | |
| 1997 | 2 171 | 61 | | |
| Snåsa | | | | |
| 1990 | | | 812 | 24 |
| 1996 | | | 772 | 15 |
| 1997 | | | 766 | 11 |
| Lierne | | | | |
| 1990 | | | 492 | 24 |
| 1996 | | | 516 | 17 |
| 1997 | | | 543 | 29 |
| Røyrvik | | | | |
| 1990 | | | 306 | 6 |
| 1996 | | | 266 | 6 |
| 1997 | | | 266 | 7 |
| Namsskogan | | | | |
| 1990 | | | 430 | 10 |
| 1996 | | | 384 | 11 |
| 1997 | | | 376 | 9 |
| Grong | | | | |
| 1990 | | | 864 | 31 |
| 1996 | | | 993 | 18 |
| 1997 | | | 960 | 25 |
| Høylandet | | | | |
| 1990 | | | 473 | 31 |
| 1996 | | | 517 | 31 |
| 1997 | | | 510 | 20 |
| Overhalla | | | | |
| 1990 | | | 1 381 | 60 |
| 1996 | | | 1 466 | 42 |
| 1997 | | | 1 440 | 33 |
| Fosnes | | | | |
| 1990 | | | 270 | 8 |
| 1996 | | | 285 | 4 |
| 1997 | | | 259 | 12 |
| Flatanger | | | | |
| 1990 | | | 437 | 14 |
| 1996 | | | 405 | 7 |
| 1997 | | | 417 | 12 |
| Vikna | | | | |
| 1990 | | | 1 146 | 38 |
| 1996 | | | 1 352 | 33 |
| 1997 | | | 1 383 | 36 |
| Nærøy | | | | |
| 1990 | | | 1 670 | 69 |
| 1996 | | | 1 843 | 33 |
| 1997 | | | 1 865 | 42 |
| Leka | | | | |
| 1990 | | | 238 | 8 |
| 1996 | | | 224 | 6 |
| 1997 | | | 218 | 5 |

Kjelde: NOS Regionalstatistikk 4/98, SSB.

**3.4. Arbeidstakarar 16-74 år, etter alder, bustadkommune og avtala arbeidstid i hovudarbeidsforholdet.
4. kvartal 1997**



| | Alder | | | Alder | |
|-----------------------------|---------------|--------------|-------------------------|--------------|-----------|
| | 16-74 år | 16-19 år | | 16-74 år | 16-19 år |
| Nord-Trøndelag | 49 851 | 1 382 | Snåsa | 766 | 11 |
| 4-19 t | 9 775 | 787 | 4-19 t | 188 | 3 |
| 20-29 t | 6 682 | 88 | 20-29 t | 118 | 1 |
| 30 t og meir | 33 394 | 507 | 30 t og meir | 460 | 7 |
| Steinkjer | 8 103 | 194 | Lierne | 543 | 29 |
| 4-19 t | 1 447 | 117 | 4-19 t | 157 | 16 |
| 20-29 t | 1 087 | 17 | 20-29 t | 89 | 1 |
| 30 t og meir | 5 569 | 60 | 30 t og meir | 297 | 12 |
| Namsos | 5 256 | 140 | Røyrvik | 266 | 7 |
| 4-19 t | 975 | 91 | 4-19 t | 58 | 2 |
| 20-29 t | 737 | 10 | 20-29 t | 40 | 1 |
| 30 t og meir | 3 544 | 39 | 30 t og meir | 168 | 4 |
| Meråker | 991 | 23 | Namsskogan | 376 | 9 |
| 4-19 t | 179 | 15 | 4-19 t | 88 | 5 |
| 20-29 t | 182 | 1 | 20-29 t | 64 | - |
| 30 t og meir | 630 | 7 | 30 t og meir | 224 | 4 |
| Stjørdal | 7 889 | 237 | Grong | 960 | 25 |
| 4-19 t | 1 494 | 139 | 4-19 t | 181 | 15 |
| 20-29 t | 1 014 | 18 | 20-29 t | 168 | 4 |
| 30 t og meir | 5 381 | 80 | 30 t og meir | 611 | 6 |
| Frosta | 815 | 31 | Høylandet | 510 | 20 |
| 4-19 t | 205 | 16 | 4-19 t | 129 | 13 |
| 20-29 t | 133 | 2 | 20-29 t | 106 | - |
| 30 t og meir | 477 | 13 | 30 t og meir | 275 | 7 |
| Leksvik | 1 470 | 59 | Overhalla | 1 440 | 33 |
| 4-19 t | 286 | 33 | 4-19 t | 278 | 15 |
| 20-29 t | 175 | 5 | 20-29 t | 200 | 1 |
| 30 t og meir | 1 009 | 21 | 30 t og meir | 962 | 17 |
| Levanger | 6 950 | 205 | Fosnes | 259 | 12 |
| 4-19 t | 1 420 | 111 | 4-19 t | 90 | 10 |
| 20-29 t | 862 | 12 | 20-29 t | 35 | 1 |
| 30 t og meir | 4 668 | 82 | 30 t og meir | 134 | 1 |
| Verdal | 5 351 | 135 | Flatanger | 417 | 12 |
| 4-19 t | 1 074 | 72 | 4-19 t | 84 | 4 |
| 20-29 t | 619 | 3 | 20-29 t | 76 | 1 |
| 30 t og meir | 3 658 | 60 | 30 t og meir | 257 | 7 |
| Mosvik | 348 | 16 | Vikna | 1 383 | 36 |
| 4-19 t | 66 | 3 | 4-19 t | 243 | 22 |
| 20-29 t | 56 | 3 | 20-29 t | 163 | - |
| 30 t og meir | 226 | 10 | 30 t og meir | 977 | 14 |
| Verran | 921 | 23 | Nærøy | 1 865 | 42 |
| 4-19 t | 192 | 10 | 4-19 t | 307 | 24 |
| 20-29 t | 99 | 1 | 20-29 t | 269 | 2 |
| 30 t og meir | 630 | 12 | 30 t og meir | 1 289 | 16 |
| Namdalseid | 583 | 17 | Leka | 218 | 5 |
| 4-19 t | 157 | 7 | 4-19 t | 69 | 3 |
| 20-29 t | 96 | 2 | 20-29 t | 28 | 1 |
| 30 t og meir | 330 | 8 | 30 t og meir | 121 | 1 |
| Inderøy | 2 171 | 61 | | | |
| 4-19 t | 408 | 41 | | | |
| 20-29 t | 266 | 1 | | | |
| 30 t og meir | 1 497 | 19 | | | |

Kjelde: NOS Regionalstatistikk 4/98, SSB.

Kort deltid utbreidd

Få arbeidstakarar i alderen 16 til og med 19 år arbeidde lang deltid (20-29 timar pr. veke) (jf. tabell 3.4). Heile 800 av dei 1 400 arbeidstakarane i aldersgruppa i Nord-Trøndelag arbeidde kort deltid (4-19 timar) 4. kvartal 1997. 500 arbeidde frå 30 timar og oppover i veka. At så mange av dei som faktisk arbeider berre har deltidsjobb, tyder på utbreidd ettermiddags- eller laurdagsarbeid ved sida av skolen.

Figur 3.2. Arbeidstakarar 16-19 år, etter avtala arbeidstid i hovudarbeidsforholdet. Nord-Trøndelag, 4. kvartal 1997. Absolutte tal



Kjelde: NOS Regionalstatistikk 4/98, SSB.

Få arbeidslause ungdomar

Tabell 3.5 syner tal for registrerte heilt arbeidslause 16-19-åringar i Nord-Trøndelag. Årsgjennomsnittet for 1997 var på 64 personar, og dette var ein nedgang på 25 prosent frå 1996. I same periode var det ein reduksjon i talet på arbeidslause i alt i fylket på 16 prosent (alle aldersgrupper).

Talet på arbeidslause ungdomar i slutten av tenåra er ikkje spesielt høgt, og dette heng venteleg saman med retten til skolegang i 12 år. Det kan òg vere at ungdom vel å ikkje registrere seg som arbeidslause då dei likevel som regel ikkje har rett til dagpengar. Tal frå arbeidskraftundersøkingane syner at ungdom gjerne søker jobb via andre kanalar enn arbeidskontora.

Arbeidslause er personar som er registrerte arbeidslause ved arbeidskontoret. Dei blir rekna som heilt arbeidslause når dei ikkje har arbeid som gjev løn eller anna inntekt og er disponible for arbeidet som blir søkt. Deltakarar på arbeidsmarknadstiltak blir ikkje rekna som heilt arbeidslause, men som arbeids-søklarar.

3.5. Registrerte heilt arbeidslause, etter alder og bustadkommune. Årsgjennomsnitt 1997 og endring siste år

| | Årsgjennomsnitt 1997 | | Endring siste år | |
|-----------------------|----------------------|----------------------|------------------|----------------------|
| | I alt | Av dette under 20 år | I alt | Av dette under 20 år |
| Nord-Trøndelag | 2 461 | 64 | -469 | -21 |
| Steinkjer | 427 | 11 | -41 | -2 |
| Namsos | 212 | 7 | -57 | -1 |
| Meråker | 80 | 2 | -14 | 1 |
| Stjørdal | 290 | 7 | -102 | -1 |
| Frosta | 37 | 1 | -8 | 1 |
| Leksvik | 49 | 1 | -21 | -2 |
| Levanger | 297 | 6 | -66 | -5 |
| Verdal | 370 | 13 | -56 | -1 |
| Mosvik | 8 | - | -4 | - |
| Verran | 69 | 2 | -12 | -1 |
| Namdalseid | 35 | 1 | 1 | - |
| Inderøy | 95 | 2 | -9 | -2 |
| Snåsa | 39 | 1 | -5 | - |
| Lierne | 44 | 1 | 7 | 1 |
| Røyrvik | 7 | - | -4 | - |
| Namsskogan | 41 | 1 | -5 | -1 |
| Grong | 37 | 1 | -3 | - |
| Høylandet | 22 | 1 | -3 | - |
| Overhalla | 62 | 2 | -5 | -1 |
| Fosnes | 14 | - | - | - |
| Flatanger | 26 | 1 | -7 | -1 |
| Vikna | 87 | 1 | -9 | -2 |
| Nærøy | 107 | 3 | -39 | -3 |
| Leka | 12 | 1 | -2 | 1 |

Kjelde: NOS Regionalstatistikk 1/98, SSB.

3.6. Personar på personretta ordinære arbeidsmarknadstiltak, etter alder og bustadkommune. Årsgjennomsnitt 1997 og endring siste år

| | Årsgjennomsnitt 1997 | | Endring siste år | |
|-----------------------|----------------------|----------------------|------------------|----------------------|
| | I alt | Av dette under 20 år | I alt | Av dette under 20 år |
| Nord-Trøndelag | 759 | 42 | -575 | -27 |
| Steinkjer | 98 | 7 | -96 | - |
| Namsos | 109 | 4 | -46 | -3 |
| Meråker | 17 | - | -21 | -1 |
| Stjørdal | 99 | 6 | -81 | -2 |
| Frosta | 6 | 1 | -15 | - |
| Leksvik | 7 | 1 | -7 | -1 |
| Levanger | 91 | 4 | -85 | -7 |
| Verdal | 114 | 8 | -69 | -4 |
| Mosvik | 4 | 1 | -6 | - |
| Verran | 19 | 1 | -8 | - |
| Namdalseid | 8 | 2 | -20 | - |
| Inderøy | 29 | 1 | -26 | -3 |
| Snåsa | 10 | 1 | -11 | - |
| Lierne | 9 | - | -6 | - |
| Røyrvik | 2 | - | -3 | - |
| Namsskogan | 13 | - | -10 | -2 |
| Grong | 20 | 1 | -4 | - |
| Høylandet | 10 | 1 | -3 | -1 |
| Overhalla | 21 | 1 | -16 | -1 |
| Fosnes | 5 | - | -1 | - |
| Flatanger | 6 | - | -11 | -1 |
| Vikna | 31 | 2 | -12 | - |
| Nærøy | 29 | 1 | -21 | -1 |
| Leka | 3 | - | -7 | - |

Kjelde: NOS Regionalstatistikk 1/98, SSB.

Det krevst at ein er registrert ved arbeidskontora for å kunne vere med på arbeidsmarknadstiltak. Tabell 3.6 syner kor mange personar som var på personretta ordinære arbeidsmarknadstiltak i kommunane i Nord-Trøndelag. Forutan personretta ordinære arbeidsmarknadstiltak kan registrerte arbeidslause få attføringstiltak. Attføring er lite vanleg for ungdomar.

I tillegg til dei ungdomane som var registrerte som heilt arbeidslause, var gjennomsnittleg 42 personar under 20 år med bustadkommune i Nord-Trøndelag på arbeidsmarknadstiltak i 1997. Desse ungdomane utgjorde nær 6 prosent av alle på personretta ordinære arbeidsmarknadstiltak. Det var ein nedgang i talet på personar på ordinære tiltak frå 1996 til 1997 på 39 prosent for 16-19-åringane.

Og så ein epilog om sysselsette mødre

Tabell 3.7 syner nokre tal for sysselsette mødre på landsbasis: Dess eldre yngste barnet er, dess fleire mødre er sysselsette. Skilnaden på sysselsette mødre med yngste barn 0-2 år og med yngste barn 11-15 år er på nær 18 prosentpoeng. Ser ein på talet på barn, syner det seg at sysselsetjingsnivået er høgast blant mødre med to barn under 16 år, med 80 prosent sysselsette. Ugifte/før gifte kvinner med barn arbeider i mindre grad enn gifte/sambuande kvinner med barn. 63 prosent av dei ugifte/før gifte mødrene var sysselsette mot 80 prosent sysselsette av mødrene i parforhold.

Kor vidt dei sysselsette kvinnene arbeidde deltid eller heiltid syner ikkje tabellen.

Prosentdelen gifte eller sambuande kvinner med barn under 7 år i arbeidsstyrken har auka sterkt dei siste tiåra. Etter 1980 har denne auken i yrkesdeltaking vore særleg sterk blant småbarnsmødrene, det vil seie blant mødre med barn i førskolealder (sjå indikatorar i *Sosialt utsyn 1998*, SSB).

3.7. Sysselsette kvinner, etter ekteskapeleg status, talet på barn under 16 år og alderen på det yngste barnet. Årsgjennomsnitt 1997. 1 000 og prosent

| Ekteskapeleg status Talet på barn under 16 år | Alder på det yngste barnet | | | | |
|---|---|-------------|-------------|-------------|-------------|
| | I alt | 0-2 år | 3-6 år | 7-10 år | 11-15 år |
| Kvinner med barn under 16 år | | | | | |
| i alt | 411 | 105 | 118 | 94 | 94 |
| 1 barn | 186 | 45 | 36 | 32 | 74 |
| 2 barn | 165 | 42 | 55 | 49 | 20 |
| 3 barn og fleire | 60 | 19 | 28 | 12 | 1 |
| Gifte kvinner¹ med barn under 16 år | 359 | 100 | 104 | 78 | 77 |
| 1 barn | 152 | 41 | 27 | 23 | 60 |
| 2 barn | 150 | 40 | 50 | 43 | 17 |
| 3 barn og fleire | 57 | 18 | 26 | 11 | 1 |
| Ugifte/før gifte kvinner med barn under 16 år | 52 | 5 | 14 | 16 | 17 |
| 1 barn | 34 | 3 | 8 | 9 | 14 |
| 2 barn | 16 | 1 | 5 | 6 | 3 |
| 3 barn og fleire | 3 | - | 1 | 1 | - |
| | I prosent av alle kvinner i kvar gruppe | | | | |
| Kvinner med barn under 16 år i alt | 77,0 | 68,4 | 77,0 | 79,9 | 86,2 |
| 1 barn | 77,7 | 70,8 | 73,7 | 76,5 | 85,7 |
| 2 barn | 79,7 | 72,9 | 80,1 | 82,8 | 87,8 |
| 3 barn og fleire | 68,7 | 56,3 | 75,4 | 78,1 | 88,4 |
| Gifte kvinner¹ med barn under 16 år | 79,6 | 71,6 | 80,1 | 83,7 | 87,1 |
| 1 barn | 81,6 | 76,0 | 79,1 | 83,1 | 86,5 |
| 2 barn | 81,4 | 74,9 | 81,9 | 84,9 | 89,3 |
| 3 barn og fleire | 70,8 | 58,5 | 77,8 | 80,6 | 87,5 |
| Ugifte/før gifte kvinner med barn under 16 år | 63,2 | 36,5 | 60,1 | 65,7 | 82,0 |
| 1 barn | 64,3 | 38,4 | 60,0 | 63,3 | 82,3 |
| 2 barn | 66,4 | 39,4 | 65,3 | 71,1 | 80,4 |
| 3 barn og fleire | 42,3 | 23,7 | 46,0 | 56,7 | 100,0 |

¹Gifte og sambuande.

Kjelde: Grunntabellar. Arbeidskraftundersøkingane (AKU) 1997, SSB.

4. Barn og økonomi

Økonomisk sett har det mykje å seie for eit barn om han eller ho veks opp i ein familie med to vaksne (og oftast to inntekter) eller hos ein einsleg forsørgjar. Diverse overføringer, som til dømes barnetrygda, verkar dessutan til å jamne ut skilnadene, det same gjer skatten.

Barnefamiliane skil seg ut som ein hushaldstype med store renteutgifter. Likevel har renteutgiftene sin del av samla hushaldsinntekt blitt halvert frå 1990 til 1996, slik at dei tyngde mindre i 1996. Inntektsskilnadene mellom barnefamiliane med lågast inntekt og høgast inntekt har auka noko i perioden 1986 til 1994.

Inntekts- og formuesundersøkingane for hushald (IFU) baserer seg på inntekts- og formuesopplysingar frå eit landsomfattande utval av hushald. IFU gjev tal for ulike grupper av hushald, til dømes einslege, hushald med barn, pensjonistar. Det svake punktet med slike undersøkingar er at tala kan bli usikre for små grupper.

I IFU omfattar *samla inntekt* lønsinntekt, næringsinntekt, kapitalinntekt og overføringer. *Inntekt etter skatt* omfattar inntekt minus utlikna skatt og negative overføringer (dvs. betalt underhaltsbidrag og tvungen pensjonspremie i arbeidstilhøve).

Tala i dette kapittelet er hovudsakleg landstal. Einskilde av tabellane vil òg trekkje fram tal for landsdel eller fylke. Regionalt nivå står i tabelltittelen.

Meir informasjon i *Husholdningenes økonomi (SA 8/95)* og *Sosialt utsyn 1998*, SSB og i *Offentlige overføringer til barnefamilier (NOU 1996:13)* frå Barnefamilieutvalet.

Livsfase er svært viktig med omsyn til inntekter og utgifter. Unge hushald har store utgifter og små inntekter. Etter kvart som tida går, stig inntektene medan renteutgiftene og gjelda minnar. Når pensjonsalderen er nådd, minnar inntekta markant, men då er også gjelda stort sett nedbetalt. Mykje av variasjonane i økonomiske høve etter alder på barn og vaksne, slik det kjem fram i tabellane i dette kapittelet, skuldast livsfase.

Når ein måler økonomien til par med barn opp mot snittet for alle hushald, vert hushald med (stort sett) to

inntekter samanlikna med eit gjennomsnitt som inneheld både pensjonistar, familiar med to inntekter og familiar med ei inntekt. Par med barn vil derfor alltid ha ei inntekt over snittet.

Par med barn hadde inntekt, men også gjeld over gjennomsnittet

Landsdelstabell 4.1 syner at inntektene og formua stig medan gjelda aukar for så å minke ved aukande alder, her målt i alderen på barn for par med barn og einslege forsørgjarar, eller i alder på einslege og den eldste i par

4.1. Gjennomsnittleg tal på personar, sum inntekt, inntekt etter skatt, formue ved likning og gjeld pr. hushald. Tal for hushaldstypar og landsdel. 1996



| Trøndelag | Gjennomsnitt pr. hushald | | | | |
|--------------------------------------|--------------------------|----------------|---------------------|--------------------|----------------|
| | Personar | Sum inntekt | Inntekt etter skatt | Formue ved likning | Gjeld |
| Alle hushald | 2,3 | 289 899 | 227 486 | 230 923 | 353 668 |
| Einfamiliehushald | | | | | |
| Par med barn | | | | | |
| Små barn 0-6 år | 4,2 | 383 373 | 316 781 | 90 020 | 655 083 |
| Store barn 7-17 år | 4,0 | 484 571 | 369 204 | 320 809 | 839 239 |
| Vaksne barn 18 år og over | 3,3 | 501 528 | 373 123 | 376 784 | 470 430 |
| Einslege forsørgjarar | | | | | |
| Mor/far med barn 0-17 år | 2,5 | 175 816 | 183 722 | 49 355 | 242 700 |
| Mor/far med barn 18 år og over | 2,1 | 293 514 | 221 638 | 247 191 | 324 986 |
| Par utan barn | | | | | |
| Eldste person under 45 år | 2,0 | 285 514 | 219 729 | 52 073 | 380 718 |
| Eldste person 45-64 år | 2,0 | 467 319 | 339 256 | 563 783 | 414 543 |
| Eldste person 65 år og over | 2,0 | 235 065 | 188 613 | 475 006 | 79 472 |
| Einsleg under 45 år | 1,0 | 156 892 | 117 950 | 65 632 | 200 624 |
| Einsleg 45-64 år | 1,0 | 205 778 | 148 900 | 156 788 | 238 646 |
| Einsleg 65 år og over | 1,0 | 110 963 | 97 204 | 224 047 | 27 886 |
| Fleirfamiliehushald | 2,9 | 353 514 | 292 102 | 152 654 | 524 963 |

Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald 1996, SSB.

Trøndelag omfattar Sør- og Nord-Trøndelag.

utan barn. For par med barn aukar gjelda frå “små barn” til “store barn”. Dette tyder på at etableringsfasen held fram, også etter at det yngste barnet har vorte 7 år, kan hende i overgangen frå leilegheit til eige hus. Det er samsvar mellom gjeld og inntekta som skal betjene gjelda for dei einskilde gruppene.

Einslege forsørgjarar og andre einslege har lågare inntekt enn par med og utan barn. For einslege forsørgjarar er inntekt etter skatt høgare enn skattepliktig bruttoinntekt, noko som ikkje er tilfelle for par med barn. Dette kjem av at einslege forsørgjarar mottok nokre skattefrie overføringar og at dei betaler mindre skatt ved at dei blir likna i skatteklasse 2.

I dette kapittelet gjeld alderen til barn alltid alderen på det yngste barnet.

Par med barn har i snitt høgare inntekt enn par utan barn. Einslege forsørgjarar har òg høgare inntekt enn einslege utan barn.

Som det går fram av tabellen, veks barn opp under betre økonomiske vilkår hos eit par enn med ein einsleg forsørgjar. Direkte samanlikningar er likevel vanskelege å få ut av tabellen, då hushald med par med barn har større utgifter enn hushald med ein einsleg forsørgjar og barn.

Renteutgiftene tyngde mindre

Tabell 4.2 syner renteutgiftene til hushalda i prosent av samla hushaldsinntekt for Trøndelag. Tala syner ein auke i renteutgiftene sin del av inntekta frå 1986 til 1990, medan det var ein nedgang i åra etterpå. I 1996 var renteutgiftene sin del av samla inntekt halverte for alle hushald sett under eitt samanlikna med 1990.

Same utviklinga gjaldt òg for alle hushalda med barn. Alle par med barn, uansett alderen til barna, opplevde ei halvering av renteutgiftene sin del av samla inntekt frå 1990 til 1996. Einslege forsørgjarar likeså. Einslege forsørgjarar med barn 0-17 år var den typen barnefamiliehushald som hadde opplevd den største auken i renteutgifter som del av samla hushaldsinntekt frå 1986 til 1990. Denne endringa har mykje å seie for den økonomiske situasjonen i ein del barnehushald, etter som familiar med små barn ofte er i ein etableringsfase, ein livsfase der inntekta er relativt låg og gjelda stor.

Overføringar viktige for einslege forsørgjarar

Inntekter kjem frå ulike kjelder, og inntektssamansetjinga varierer for ulike hushaldstypar. Tabell 4.3 syner inntektsrekneskapa for hushald etter hushaldstype og landsdel (her: Trøndelag), med eit gjennomsnitt i kroner for 1996.


Gjennomsnittleg yrkesinntekt for par med barn var meir enn tredobbelt så høg som same inntekta for eins-

4.2. Hushalda sine renteutgifter¹ som prosentdel av samla hushaldsinntekt², etter familietype. Trøndelag. 1986, 1990 og 1996

| | 1986 | 1990 | 1996 |
|-----------------------------------|-----------|-----------|----------|
| Alle hushald | 12 | 13 | 7 |
| Einfamiliehushald | | | |
| Par med barn | | | |
| Små barn 0-6 år | 18 | 18 | 10 |
| Store barn 7-17 år | 16 | 16 | 9 |
| Vaksne barn 18 år og over | 8 | 10 | 5 |
| Einslege forsørgjarar | | | |
| Mor/far med barn 0-17 år | 11 | 16 | 7 |
| Mor/far med barn 18 år og over .. | 7 | 10 | 6 |
| Par utan barn | | | |
| Eldste person under 45 år | 15 | 16 | 7 |
| Eldste person 45-64 år | 5 | 14 | 6 |
| Eldste person 65 år og over | 3 | 5 | 2 |
| Einslege | | | |
| Einsleg under 45 år | 12 | 14 | 7 |
| Einsleg 45-64 år | 11 | 9 | 8 |
| Einsleg 65 år og over | 1 | 3 | 2 |
| Fleirfamiliehushald | 6 | 7 | 9 |

¹ Renteutgifter er summen av gjeldsrenter og underskot i burettslag/prosentdel av utgifter i bustadselskap. ² Samla inntekt utan "andre overføringar". Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald 1996, SSB.

Figur 4.1. Renteutgiftene sin del av samla hushaldsinntekt for nokre hushaldstypar. Trøndelag. 1986, 1990 og 1996. Prosent



Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald 1996, SSB.

leg mor/far med barn. Den store skilnaden i yrkesinntekter mellom par med barn under 18 år og einslege forsørgjarar med barn under 18 år gjenspeglar det

4.3. Inntektsrekneskap for hushald, 1996



| Trøndelag | Einfamiliehusald | | | | | | | |
|---|------------------|---------------------------------|----------------|---------------------------------|---------------------------------------|----------------------------------|----------------|--------------------|
| | Alle hushald | Par med ugifte heimebuande barn | | Mor/far med yngste barn 0-17 år | Hushald med vaksne barn 18 år og over | Par utan ugifte heimebuande barn | Einslege | Fleirfamiliehusald |
| | | 0-6 år | 7-17 år | | | | | |
| Yrkesinntekt | 221 165 | 354 050 | 438 919 | 115 916 | 375 747 | 98 124 | 207 942 | 283 472 |
| Løn | 197 688 | 323 182 | 373 672 | 115 206 | 321 158 | 90 436 | 188 007 | 258 523 |
| Netto næringsinntekt | 23 478 | 30 868 | 65 247 | 709 | 54 589 | 7 688 | 19 935 | 24 949 |
| Kapitalinntekt | 14 257 | 6 606 | 19 399 | 1 644 | 14 594 | 6 498 | 33 586 | 7 724 |
| Brutto renteinntekt | 5 223 | 3 136 | 5 593 | 1 479 | 7 202 | 3 204 | 10 080 | 4 647 |
| Aksjeutbytte | 5 929 | 1 633 | 7 965 | - | 3 761 | 944 | 18 797 | 2 302 |
| Netto realisasjonsgevinst | 748 | 332 | 374 | 131 | 573 | 784 | 1 444 | 2 |
| Annan kapitalinntekt | 2 357 | 1 506 | 5 467 | 34 | 3 057 | 1 565 | 3 265 | 774 |
| Overføringar | 64 865 | 55 666 | 43 583 | 100 105 | 59 636 | 47 926 | 98 161 | 87 462 |
| Skattepliktige overføringar | 51 186 | 18 989 | 20 858 | 56 247 | 52 253 | 43 786 | 94 690 | 59 608 |
| Ytingar frå folketrygda | 35 963 | 8 544 | 12 200 | 27 013 | 33 864 | 34 034 | 69 138 | 49 899 |
| Tenestepensjon mm. | 8 845 | 1 033 | 1 376 | 2 019 | 11 089 | 7 339 | 21 313 | 4 067 |
| Dagpengar | 4 563 | 6 853 | 5 591 | 9 595 | 7 090 | 2 388 | 4 029 | 2 901 |
| Mottekne bidrag mm. | 1 815 | 2 560 | 1 691 | 17 620 | 210 | 24 | 210 | 2 741 |
| Skattefrie overføringar | 13 679 | 36 677 | 22 725 | 43 857 | 7 383 | 4 140 | 3 471 | 27 855 |
| Barnetrygd | 6 994 | 26 400 | 14 490 | 27 034 | - | - | - | 8 551 |
| Bustønad | 476 | 266 | 77 | 2 885 | 49 | 606 | - | 663 |
| Stipend | 1 775 | 1 973 | 2 738 | 856 | 4 270 | 943 | 1 505 | 5 676 |
| Forsørgjarfrådrag | 1 118 | 3 872 | 3 258 | 2 782 | 330 | 58 | 34 | 913 |
| Sosialhjelp | 1 502 | 697 | 524 | 5 158 | 1 103 | 1 699 | 302 | 10 231 |
| Andre overføringar ¹ | 468 | 373 | 267 | 3 694 | 242 | 136 | 336 | 73 |
| Samla inntekt | 300 288 | 416 323 | 501 901 | 217 664 | 449 978 | 152 548 | 339 689 | 378 659 |
| Sum utlikna skatt og negative overføringar² | 72 801 | 99 542 | 132 698 | 33 941 | 116 901 | 35 764 | 83 046 | 86 556 |
| Inntekt etter skatt | 227 486 | 316 781 | 369 204 | 183 722 | 333 077 | 116 783 | 256 643 | 292 102 |
| Renteutgifter og bustadinntekter | 19 242 | 39 215 | 40 346 | 13 344 | 21 715 | 8 216 | 15 081 | 31 728 |
| Inntekt etter skatt og renteutgift/ bustadinntekt | 208 244 | 277 566 | 328 858 | 170 378 | 311 362 | 108 567 | 241 561 | 260 374 |

¹ Andre overføringar er skattefrie utbetalingar som blant anna grunn- og hjelpestønad, eingongsstønad ved fødsel og skattefri stønad til barnetilsyn.

² Negative overføringar er pliktig underhaldsbidrag og premie til pensjonsordning i arbeidsforhold.

Kjelde: Inntekts- og formuesundersøkinga for hushald 1996, SSB.

faktum at dei fleste einslege forsørgjarar er kvinner og at det blant par med barn ofte er to yrkesaktive.

Når det gjaldt sosialhjelp og bustønad, var det einslege mødre og fedre med barn 0-17 år som mottok mest i gjennomsnitt (av einfamiliehusalda). Sosialhjelpa utgjorde likevel berre 2 prosent av samla inntekt for hushaldstypen.

For mor/far med yngste barn 0-17 år utgjorde yrkesinntekter og kapitalinntekter 26 prosent av dei same inntektene for par med ugifte heimebuande barn mellom 7 og 17 år. Etter overføringar og sum utlikna skatt og negative overføringar hadde inntekta etter skatt for dei einslege forsørgjarane kome opp på 50 prosent av nivået for par med barn 7-17 år.

Par med barn hadde høgare renteutgifter (etter at ein har lagt til bustadinntekt) enn einslege foreldre med

barn i same alderen, om lag 40 000 mot 13 000 kroner i 1996. Tala for inntekt etter skatt og renteutgifter syner at par med barn låg over gjennomsnittet for alle hushalda i Trøndelag, som forventta, medan einslege forsørgjarar låg ca. 40 000 kroner under snittet.

Om ein ser på kva dei einskilte inntektene tyder for dei ulike hushaldstypene, ser ein til dømes at barnetrygda var langt viktigare for einslege forsørgjarar enn for par med barn. For einslege forsørgjarar utgjorde denne skattefrie overføringa 12 prosent av samla inntekt, mot 6 prosent for par med yngste barn 0-6 år. I det heile tydde overføringar svært mykje for einslege forsørgjarar i det 46 prosent av den samla inntekta deira var skattepliktige og skattefrie overføringar. For par med yngste barn 0-6 år utgjorde desse overføringane 13 prosent av samla inntekt og for par med yngste barn 7-17 år 9 prosent.

Lønsinntektene utgjorde rundt 75 prosent av samla inntekt for par med barn og 53 prosent for einslege forsørgjarar.

Einslege forsørgjarar hadde kort stønadstid

I alt 154 000 personar i Noreg mottok økonomisk sosialhjelp i 1996, og gjennomsnittleg stønadstid var 5,3 månader, syner tabell 4.4. 24 500 av mottakarane var einslege forsørgjarar, av dette 21 200 kvinner. Det var flest som mottok stønad i ein måned. Gjennomsnittleg stønadstid var likevel 4,8 månader for alle einslege forsørgjarar med barn under 18 år og 4,7 månader for einslege kvinner med barn under 18 år. Einslege forsørgjarar med barn under 18 år hadde dermed kortare gjennomsnittleg stønadstid enn sosialhjelpsmottakarar generelt.

Det var færre par med barn under 18 år enn einslege forsørgjarar med barn under 18 år som mottok økonomisk sosialhjelp. Par med barn fekk i snitt stønad i ein lengre periode enn einslege forsørgjarar. Med 5,6 månader som gjennomsnittleg stønadstid låg dei også over gjennomsnittet av alle mottakarane.

Barnefamiliane utgjorde 27 prosent av stønadstilfella i Nord-Trøndelag

I 1996 vart totalt 75 100 barn under 18 år forsørgde av sosialhjelpsmottakarar på landsbasis (NOS Sosialstatistikk 1996, SSB).

Det var 4 200 stønadstilfelle i Nord-Trøndelag i 1996, syner tabell 4.5. Dette utgjorde 33 stønadstilfelle pr. 1 000 innbyggjarar. Berre 2 prosent av desse var einslege menn med barn under 18 år. Blant dei einslege kvinnene som mottok stønad, var det 485 mødre med barn under 18 år, noko som tilsvarar 11 prosent av alle mottakarane. Par med barn under 18 år utgjorde 14 prosent, eller 585, av stønadstilfella i Nord-Trøndelag i 1996. Samla stod barnefamiliar for 27 prosent av alle stønadstilfella i Nord-Trøndelag.

Lita yrkesinntekt for tenåringane

Personar som var 16 år gamle i 1994, hadde stort sett ikkje yrkesinntekt over 10 000 kroner, syner tal for heile landet i tabell 4.6. Over 40 prosent av dei hadde ikkje yrkesinntekt i det heile teke. Meir enn 20 000 kroner i yrkesinntekt var sjeldsynt. Over 50 prosent av

4.4. Sosialhjelpsmottakarar, etter stønadstid og familiefase. 1996



| Familiefase | I alt ¹ | Talet på månader med stønad | | | | | | | | | | | | Gjennomsnittleg stønadstid |
|---------------------------------|--------------------|-----------------------------|---------------|---------------|---------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|--------------|---------------|----------------------------|
| | | 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 | 7 | 8 | 9 | 10 | 11 | 12 | |
| I alt | 153 817 | 32 702 | 21 073 | 15 150 | 11 580 | 9 585 | 8 541 | 7 559 | 6 767 | 6 970 | 7 550 | 9 296 | 16 241 | 5,3 |
| Par med barn under 18 år | 18 233 | 3 795 | 2 250 | 1 728 | 1 286 | 1 053 | 937 | 882 | 821 | 782 | 922 | 1 314 | 2 362 | 5,6 |
| Einslege med barn under 18 år | 24 540 | 5 654 | 3 550 | 2 585 | 2 078 | 1 721 | 1 492 | 1 252 | 1 050 | 1 099 | 1 045 | 1 163 | 1 743 | 4,8 |
| Menn | 3 341 | 672 | 425 | 316 | 247 | 214 | 204 | 164 | 146 | 184 | 176 | 217 | 364 | 5,5 |
| Kvinner | 21 199 | 4 982 | 3 125 | 2 269 | 1 831 | 1 507 | 1 288 | 1 088 | 904 | 915 | 869 | 946 | 1 379 | 4,7 |
| Par utan barn under 18 år | 17 955 | 4 004 | 2 444 | 1 788 | 1 303 | 1 054 | 909 | 871 | 727 | 741 | 882 | 1 038 | 2 069 | 5,3 |
| Einslege menn .. | 57 721 | 11 016 | 7 647 | 5 564 | 4 290 | 3 564 | 3 278 | 2 887 | 2 748 | 2 841 | 3 122 | 3 809 | 6 677 | 5,5 |
| -19 år | 3 753 | 866 | 697 | 473 | 351 | 298 | 223 | 204 | 159 | 136 | 124 | 90 | 124 | 4,2 |
| 20-24 år | 12 591 | 2 480 | 2 044 | 1 399 | 1 049 | 839 | 800 | 700 | 627 | 563 | 589 | 606 | 827 | 4,9 |
| 25-44 år | 30 297 | 5 117 | 3 507 | 2 693 | 2 140 | 1 824 | 1 750 | 1 512 | 1 502 | 1 655 | 1 859 | 2 372 | 4 215 | 6 |
| 45-66 år | 9 896 | 2 086 | 1 246 | 892 | 681 | 560 | 479 | 441 | 418 | 451 | 512 | 674 | 1 416 | 5,6 |
| 67- år | 1 184 | 467 | 153 | 107 | 69 | 43 | 26 | 30 | 42 | 36 | 38 | 67 | 95 | 4,2 |
| Einslege kvinner | 34 894 | 8 007 | 5 100 | 3 439 | 2 594 | 2 180 | 1 910 | 1 659 | 1 408 | 1 501 | 1 567 | 1 966 | 3 376 | 5,1 |
| -19 år | 3 170 | 692 | 619 | 446 | 286 | 230 | 199 | 172 | 129 | 107 | 83 | 87 | 102 | 4,1 |
| 20-24 år | 8 870 | 1 873 | 1 502 | 1 009 | 784 | 626 | 571 | 483 | 370 | 383 | 361 | 354 | 509 | 4,6 |
| 25-44 år | 10 828 | 2 137 | 1 441 | 1 016 | 763 | 663 | 573 | 534 | 472 | 509 | 561 | 746 | 1 355 | 5,6 |
| 45-66 år | 8 630 | 2 057 | 1 085 | 737 | 570 | 496 | 444 | 373 | 345 | 383 | 432 | 602 | 1 064 | 5,4 |
| 67- år | 3 396 | 1 248 | 453 | 231 | 191 | 165 | 123 | 97 | 92 | 119 | 130 | 177 | 346 | 4,5 |
| Uoppgeve | 474 | 226 | 82 | 46 | 29 | 13 | 15 | 8 | 13 | 6 | 12 | 6 | 14 | 2,9 |

¹ Taler omfattar 803 sosialhjelpsmottakarar med uoppgeve stønadstid.
Kjelde: NOS Sosialstatistikk 1996, SSB.

4.5. Stønadstilfelle, etter familietype. Kommune. 1996



| Kommune | I alt | Par | | Einsleg mann | | Einsleg kvinne | | Uopp- geve | Stønads- tilfelle pr. 1 000 inn- byggjarar |
|-----------------------|--------------|--------------------------|-------------------------|--------------------------|-------------------------|--------------------------|-------------------------|---------------|---|
| | | Utan barn under 18 år | Med barn under 18 år | Utan barn under 18 år | Med barn under 18 år | Utan barn under 18 år | Med barn under 18 år | | |
| Nord-Trøndelag | 4 218 | 602 | 585 | 1 522 | 70 | 934 | 485 | 20 | 33 |
| Steinkjer | 707 | 112 | 72 | 264 | 10 | 165 | 84 | - | 34 |
| Namsos | 459 | 59 | 25 | 187 | 9 | 149 | 26 | 4 | 38 |
| Meråker | 118 | 19 | 31 | 21 | 4 | 20 | 23 | - | 45 |
| Stjørdal | 533 | 73 | 57 | 194 | 5 | 130 | 71 | 3 | 30 |
| Frosta | 82 | 9 | 21 | 28 | 2 | 16 | 6 | - | 33 |
| Leksvik | 114 | 19 | 27 | 29 | - | 26 | 13 | - | 33 |
| Levanger | 583 | 80 | 74 | 222 | 19 | 112 | 76 | - | 34 |
| Verdal | 446 | 61 | 53 | 195 | 4 | 83 | 45 | 5 | 33 |
| Mosvik | 9 | - | 4 | 3 | - | 2 | - | - | 10 |
| Verran | 184 | 21 | 26 | 73 | 3 | 40 | 21 | - | 64 |
| Namdalseid | 61 | 11 | 16 | 16 | 1 | 7 | 10 | - | 32 |
| Inderøy | 142 | 25 | 22 | 48 | 2 | 27 | 18 | - | 25 |
| Snåsa | 59 | 7 | 8 | 19 | 2 | 18 | 5 | - | 24 |
| Lierne | 48 | 7 | 10 | 10 | 1 | 17 | 3 | - | 30 |
| Røyrvik | 18 | 4 | 3 | 3 | - | 5 | 3 | - | 27 |
| Namsskogan | 25 | 1 | 5 | 10 | - | 5 | 3 | 1 | 24 |
| Grong | 99 | 14 | 17 | 32 | 2 | 17 | 12 | 5 | 39 |
| Høylandet | 42 | 6 | 9 | 11 | - | 9 | 7 | - | 31 |
| Overhalla | 102 | 21 | 15 | 31 | 3 | 25 | 7 | - | 27 |
| Fosnes | 12 | 1 | 3 | 5 | - | 3 | - | - | 15 |
| Flatanger | 47 | 4 | 12 | 20 | 1 | 6 | 4 | - | 35 |
| Vikna | 141 | 19 | 28 | 49 | - | 21 | 24 | - | 37 |
| Nærøy | 157 | 23 | 35 | 46 | 2 | 27 | 22 | 2 | 29 |
| Leka | 30 | 6 | 12 | 6 | - | 4 | 2 | - | 38 |

Kjelde: NOS Regionalstatistikk 8/97, SSB.

4.6. Prosentdel personar med yrkesinntekt, etter alder og inntektsintervall. 1994



| | 16 år | 17 år | 18 år | 19 år |
|---------------------|-------|-------|-------|-------|
| 0 | 43,6 | 33,1 | 19,4 | 13,3 |
| 1-4 999 | 18,8 | 20,0 | 10,3 | 10,4 |
| 5 000-9 999 | 14,6 | 15,7 | 13,7 | 5,8 |
| 10 000-4 999 | 9,4 | 11,5 | 14,1 | 7,1 |
| 15 000-19 999 | 7,9 | 7,3 | 11,8 | 9,7 |
| 20 000-24 999 | 1,9 | 4,4 | 6,2 | 5,5 |
| 25 000-49 999 | 3,1 | 5,6 | 15,6 | 20,3 |
| 50 000-74 999 | 0,5 | 1,0 | 5,7 | 12,8 |
| 75 000-99 999 | 0,0 | 0,9 | 1,4 | 5,9 |
| 100 000- | 0,2 | 0,5 | 1,9 | 9,2 |


Kjelde: Inntektsstatistikk, SSB.

